



Arnt Harry Rustad
Ortuflaten 89
5143 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3791 - 22/39353

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
23.05.2022

Ferdigattest fritidsbustad - gbnr 342/113 Eikeland

Administrativt vedtak: Saknr: 569/22
Tiltakshavar: Arnt Harry Rustad
Ansvarleg søkjar: Bergen Byggtaksering As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 342/113.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.03.2007. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.05.2022.

Skildring

Adresse:	Djupedalsvegen 71
Bygningstiltak:	Fritidsbygg/sommerhus
Bygningsnummer:	25151658
Bruksareal:	65m ²
Avlaup:	Privat utslepp
Vatn:	Kommunalt vannverk
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3791

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arnt Harry Rustad
Bergen Byggtaksering As

Ortuflaten 89 5143
O.J. Brochs 5006
gate 16A

FYLLINGSDALEN
BERGEN